



Andre Thoresen
Øvre Sollien 45

5096 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2350 - 15/29476

Saksbehandlar:
Nora Gjerde
nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:
11.09.2015

Søknad om dispensasjon - gbnr 129/74 og 129/52 Titland søndre - brygger

Vedlagt følgjer vedtak i plan- og miljøutvalet - 02.09.2015.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing
Nora Gjerde
administrasjonssekretær

Dokumentet er signert elektronisk.

Andre mottakarar:

Andre Thoresen, Bergen og Omland Havnevesen
Margit Rimeslåttén
Andre Thoresen, Bergen og Omland Havnevesen



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|-----------------------|------|------------|
| 117/15 | Plan- og miljøutvalet | PS | 02.09.2015 |

| Saksbehandlar | ArkivsakID |
|--------------------|------------|
| Margit Rimeslåttén | 14/2350 |

Søknad om oppføring av brygge og dispensasjon - gbnr 129/74 Titland søndre

Vedlegg:

Intern uttale. Gbnr 129/74 Klage på avvisning av søknad med ny dispensasjonssøknad Byggesak - klage på avvisning av søknad Søknad om tiltak utan ansvarsrett - gbnr 129/74 Titland søndre - bryggeopptak av båt Førehandsuttale - gbnr 129/74 Titland søndre Re Trong for tilleggsinformasjon - gbnr 129/74 Titland søndre Tilleggsinformasjon Titlandsvegen 436 Oversending av søknad til uttale - gbnr 129/74 Titland søndre Søknad om dispensasjon - gbnr 129/74 og 129/52 Titland søndre - brygger Søknad om tiltak utan ansvarsrett - gbnr 129/74 Titland søndre - brygge/opptak av båt Situasjonskart Skisser og bilete Kommuneplan 129.74 Trong for tilleggsinformasjon - gbnr 129/74 Titland søndre Førebels melding om motteken byggjesak. FVL § 11.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune gjev avslag på søknad om oppføring av bryggje og dispensasjon for tiltaket, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 11-6, jf. pbl. § 19-2.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Dersom Plan- og miljøutvalet er positiv til dispensasjon, skal dispensasjonsvedtaket sendast til Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.

Alternativt framlegg til vedtak

Lindås kommune gjev løyve til oppføring av bryggje og dispensasjon for tiltaket, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 11-6, jf. pbl. § 19-2.

Som grunngjeving for at det vert gitt dispensasjon vert det vist til følgjande: Tiltaket i eit område som allereie er utbygd og vil ikkje føre til ei vanskeleggjering av framtidig planlegging av området. Omsyna bak plankravet kan difor ikkje seiast å bli vesentleg tilsidesett i dette tilfellet. Bryggja skal plasserast i eit område som allereie er utbygd med naust og har til hensikt å sikre at det vert lettare å få båten inn i naustet.

Ei bryggje på 35 m² vil ikkje føre til særleg ytterlegare privatisering sidan det allereie er fleire naust i området. Bryggja er også av beskjeden storleik og vil også lette tilkomsten til strandsona. Omsyna bak byggeforbodet i strandsona kan difor heller ikkje seiast å bli

vesentleg tilsidesett i dette tilfellet. Det vert også synt til at bryggja vil sikre ferdsel i området og gjere det lettare å ta inn båten i naustet. Fordelane ved at det vert gitt dispensasjon må seiast å vere klart større enn ulempene i dette tilfellet.

Plan- og miljøutvalet - 117/15

PM - behandling:

Rådmannen sitt alternativt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til oppføring av bryggje og dispensasjon for tiltaket, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 11-6, jf. pbl. § 19-2.

Som grunngeving for at det vert gitt dispensasjon vert det vist til følgjande:

Tiltaket i eit område som allereie er utbygd og vil ikkje føre til ei vanskeleggjering av framtidig planlegging av området. Omsyna bak plankravet kan difor ikkje seiast å bli vesentleg tilsidesett i dette tilfellet. Bryggja skal plasserast i eit område som allereie er utbygd med naust og har til hensikt å sikre at det vert lettare å få båten inn i naustet.

Ei bryggje på 35 m² vil ikkje føre til særleg ytterlegare privatisering sidan det allereie er fleire naust i området. Bryggja er også av beskjeden storleik og vil også lette tilkomsten til strandsona. Omsyna bak byggjeforbodet i strandsona kan difor heller ikkje seiast å bli vesentleg tilsidesett i dette tilfellet. Det vert også synt til at bryggja vil sikre ferdsel i området og gjere det lettare å ta inn båten i naustet. Fordelane ved at det vert gitt dispensasjon må seiast å vere klart større enn ulempene i dette tilfellet.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Plan- og miljøutvalet.

Heimelshavar

Tiltakshavar er heimelshavar til eigedomen.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av bryggje med bygd areal (BYA) på ca. 35 m² utan ansvarsrett. Andre tiltak som kan vere vist på eller skildra i innsendte søknadsmateriell, har kommune ikkje teken stilling til og er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskokumentasjon vart meldt til søkjar ved brev av 12.06.14 der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Det er ikkje sendt inn dokumentasjon som viser kva som er nabovarsla i samband med søknaden. Både dispensasjonar og sjølve tiltaket må nabovarslast.
2. I søknaden må det gå fram storleiken på det som skal byggast.
3. Tiltaket ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til område for fritidsbustad. Kai og bryggje ligg ikkje innanfor dette føremålet og krev dispensasjon frå arealføremålet, plankravet (krav om utarbeiding av reguleringsplan) i kommuneplanens punkt. 1.1 og frå byggegrensa mot sjø i kommuneplanen. Dispensasjonssøknaden må grunngjevast og nabovarslast, jf. pbl. § 19-1.
4. Tiltaket er plassert i grensa mot gbnr 129/52. i Søknaden er det vist til at eigar av gbnr 129/52 også skal gjere endringar på sin kai. Det bes om at det vert sendt inn gjensidig avtale på at begge partar kan etablere tiltak inntil 0 meter frå nabogrensa. Når det gjeld eventuelle tiltak på gbnr 129/52, må dette søkast om i eigen sak.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå tiltakshavar 29.04.2014.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå byggegrense mot sjø som er fastsett i kommuneplanen sin arealdel, plankrav fastsett i kommuneplanen punkt 1.1 og arealføremålet fritidsbustad i kommuneplanen.

Grunngjeving

Grunngjevinga for søknaden er følgjande

DISPENSASJONSSØKNAD BÅTOPPTAK/BRYGGE

Det søkes om dispensasjon fra Plan- og bygningsloven § 1-8, for nyoppføring av brygge på Gnr. 129, bnr. 74. I tillegg vil eierne av Gnr. 129, bnr.52 reparere sin brygge.

Plan- og bygningslovens § 19-2 sier: Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.

Vedlagte bilder viser at det er vanskelig og til dels farlig å bevege seg i området rundt naustene. Vi ønsker å lage en brygge som gjør ferdsel, for alle som finner veien til Sæbøstøa, praktisk og trygg. Båtopptak av vår Rana 520SL med dagens løsning er komplisert og krevende. Fremhevende vindretninger (N og S) går på tvers av opptaket, og det skal svært lite vind til før det oppstår fare for skade på båt og utrygge situasjoner for personer. En brygge vil gjøre det mulig å legge båten mot vinden og ta den inn i naustet på en enkel måte.


Bryggene vil bli oppført så lavt og diskret som mulig i terrenget, og fremstå som en enhet. Begge naustene vil dele fasiliteter for båtopptak, og opptak av båt vil kunne foregå sikkerhetsmessig og forsvarlig for voksne og barn. Bryggene vil bli oppført i trykimpregnert materiale og overflatebehandlet slik at den stilmessig står til naustene og området rundt.

Eier av Gnr. 129/51 har også meldt seg interessert i å reparere sin brygge i samme diskrete stil som vi ønsker å bygge. Bryggen til 129/79 er allerede bygget i lignende stil og vi mener derfor at område li sin helhet vil fremstå på en mer helhetlig og sikkerhetsmessig trygg måte. Dette vil komme alle som beveger seg på land eller i ferdselsleden til gode.

Dokumentasjon og opplysninger i søknaden

Det vert elles vist til søknad motteken 11.03.2014 som er supplert 29.06.2014 og 17.02.2015.

Planstatus



Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til fritidsbustad.

Uttale frå anna styresmakt

Saka er sendt til uttale til Fylkesmannen i Hordaland og Bergen og Omland Havnevesen den 12.6.2014. Det er ikkje registrert svar frå Fylkesmannen i Hordaland. Bergen og Omland Havnevesen har gitt ein foreløpig uttale, der det går fram at «[U]t frå de opplysninger vi har mottatt kan vi ikkje se at tiltaket vil være problematisk etter hfl.»

Saka har vore til intern uttale hjå planavdelinga i Lindås kommune det det vart gitt følgjande uttale i e-post 01.07.2015:


Planavdelinga rår frå at det vert gjeve dispensasjon frå plankravet som omsøkt. I forige kommuneplanprosess (2011) var det mykje merksemd kring aktuelle areal til småbåthamnar/bryggjer i sjø. I vår vart det opna for reguleringsarbeid i Nappevika like nordvest for området det er søkt om. Det er sendt ut kunngjort oppstart av arbeidet. Det bør såleis ikkje vert opna for einskildsøknader i dette området.

Nabovarsling

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

Plassering



Plassering av tiltaket er vist på kart for gnr. 129 bnr. 74. På kartet er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0 meter. Eigarar av gnr. 129 bnr. 52 har i naboerklæring samtykka til at tiltaket kan plasserast 0 meter frå nabogrensa.

Tidlegare vedtak av kommunen

Søknaden vart i vedtak datert 16.01.2015 avvist av kommunen der det vart vist til følgjande:

«Dispensasjon krever grunngitt søknad». Det er søkt om dispensasjon frå pbl. § 1-8. Det er tidligare sendt ut eit mangelsbrev, der det vart gjort greie for kva dispensasjonar som måtte omsøkast i saka. Desse var byggegrense mot sjø fastsett i kommuneplanen, plankrav i kommuneplanen punkt 1; og føremålet i kommuneplanen sin arealdel – fritidsbustad. Lindås kommune kan ikkje sjå at det er søkt om dispensasjon frå noko av det ovannemnde .

Ein kan ikkje gje dispensasjon dersom det ikkje er omsøkt. Dette fylgjer mellom anna av Sivilombudsmannen si sak 2011/2256, der det heiter at:

«Ettersom det her ikke var fremsatt noen søknad om dispensasjon, hadde kommunen ikke foranledning til å ta stilling til dispensasjonsspørsmålet. Det vises til at det i forarbeidene er presisert at kommunen ikke har noe ansvar for å vurdere om vilkårene for å gi dispensasjon foreligger dersom dispensasjon ikke er omsøkt, jf. Ot.prp. nr. 45 (2007–2008) pkt. 27.5 på s. 317.»

Då det manglar dispensasjonssøknadar er ikkje søknaden fullstendig. Lindås kommune avviser difor søknaden.

I skriv datert 17.02.2015 viser tiltakshavar til at det etter samtale med byggjesaksvakta er klargjort at det ikkje går tydeleg fram at «det også søkes dispensasjon fra arealformålet i plankravet i kommuneplannes punkt 1.1.» Vidare vert det i skrivet vist til at «Jeg tillater meg med dette å søke denne dispensasjonen ut frå allereie innsendte papirer og innehentede nabovarsler. Søknaden om dispensasjon inneholder en forklaring på hvorfor jeg ser det som svært nødvendig å få en trygg plass for ferdsel og båtopptak i forbindelse med naustet. Naboene har fått alle tegninger og blitt gjort oppmerksom på at det søkes om dispensasjon.»

Administrasjonen oppfatter skrivet som at det også vert søkt om dispensasjon fra arealføremålet i kommuneplanen sin arealdel og plankravet fastsett i kommuneplanen punkt 1.1, då med same grunngjeving som er oppgitt i tidlegare søknad om dispensasjon som knytta til plan- og bygningslova § 1-8. Tidlegare manglar ved søknaden er med dette retta opp.

Det vert gjort merksam på at det er fastsett ei eiga byggjegrænse mot sjø i punkt 1.10 i føresegnene til kommuneplanen som erstattar den generelle byggjeforbudssona på 100 meter. Administrasjonen kan ikkje sjå at dette har nokon betyding for handsaminga av søknaden.

Byggesaksforskrifta § 5-2 2. ledd slår fast at «Begrunnelse for søknad om dispensasjon skal vedlegges varselet i den grad dispensasjonen berører naboers eller gjenboeres interesser».

Søknaden om dispensasjon frå pbl. § 8-1 er lagt ved nabovarselet, og vi kan ikkje sjå at det er problematisk for handsaminga av saka at dispensasjon frå arealføremålet og plankravet ikkje er varsla.

LOVGRUNNLAG

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl.) §§ 11-6 og 1-6 at tiltak ikkje kan setjast i verk i strid med kommuneplan.

Kommunen har høve til å gje dispensasjon frå føresegner gjeve i eller i medhald av plan bygningslova med heimel i pbl. § 19-2.

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klårt større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

I forhold til vurderingstema til føresegna kjem det fram følgjande av Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) på [side 242](#):

Vilkåret "særlige grunner" i gjeldende § 7 er erstattet med en mer detaljert angivelse som klargjør og strammer inn dispensasjonsadgangen. Det kreves at hensynene bak den bestemmelsen det dispensereres fra ikke blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må det foretas en interesseavveining, der fordelene ved tiltaket må vurderes opp mot ulempene. Dagens § 7 blir praktisert slik at det er tilstrekkelig med alminnelig interesseovervekt, men etter den nye bestemmelsen må det foreligge klar overvekt av hensyn som taler for dispensasjon. Ordvalget innebærer at det normalt ikke vil være anledning til å gi dispensasjon når hensynene bak bestemmelsen det søkes

dispensasjon fra fortsatt gjør seg gjeldende med styrke.

Frå førearbeida vert det også sitert til følgjande som særskilt gjeld ved dispensasjon frå planar:

Avvik fra arealplaner reiser særlige spørsmål. De ulike planene er som oftest blitt til gjennom en omfattende beslutningsprosess og er vedtatt av kommunens øverste folkevalgte organ, kommunestyret. Planene omhandler dessuten konkrete forhold. Det skal ikke være en kurant sak å fravike gjeldende plan. Dispensasjoner må heller ikke undergrave planene som informasjons- og beslutningsgrunnlag. Ut fra hensynet til offentlighet, samråd og medvirkning i planprosessen, er det viktig at endringer i planer av betydning ikke skjer ved dispensasjoner, men behandles etter reglene om kommuneplanlegging og reguleringsplaner.

Ved dispensasjon frå planar skal nasjonale og regionale rammer og mål tilleggast særleg vekt, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ein direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 4. ledd.

Ved dispensasjon frå lov og forskrifter skal det leggast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Det kan setjast vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn loven skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Søknad om dispensasjon skal vere grunngjeve, jf. pbl. § 19-1.

VURDERING

Vurderingstemaet for rådmannen har vore om dispensasjon i saka vesentleg vil setje til side omsyna bak føresegnene/arealføremålet det vert dispensert i frå.

Dispensasjon frå arealføremål fritidsbustad i kommuneplanen

Bryggja ligg i området for «fritidsbustader» i kommuneplanen og krev difor dispensasjon frå arealføremålet som er fastsett i kommuneplanen sin arealdel.

Bryggja skal plasserast i eit område som allereie er utbygd med naust og har til hensikt å sikre at det vert lettare å få båten inn i naustet. Administrasjonen kan ikkje sjå at omsyna bak føremålet vert vesentlig tilsidesett. Fordelane ved at det vert gitt dispensasjon må også seiast å vere klart større enn ulempene i dette tilfellet.

Dispensasjon frå plankrav fastsett i kommuneplanen punkt 1.1

Tiltaket krev vidare dispensasjon frå kommuneplanen § 1.1 om krav til regulering.

Omsynet bak plankravet er at kommunen skal sikre ei forsvarleg og gjennomtenkt utvikling av arealutnyttinga i området. Ei føresegn om plankrav før tiltak kan gjennomførast gir styring med den samla arealutnyttinga og arealbruken i byggeområda. Forhold som vert avklart ved ein reguleringsplan er blant anna utforming, vilkår for bruk av areal og eventuelle bygningar, føresegner knytt til funksjon-, miljø- og kvalitetskrav, føresegner for å sikre verneverdiar, trafikkregulande tiltak og parkeringsføresegner og liknande, jf. pbl. [§ 12-7](#). Vidare vil interesser som vert berørt, blant anna konsekvensane for naboar og omkringliggjande miljø,

bli vurdert i eit heilskapsperspektiv ved utarbeiding av ein reguleringsplan. Omsynet til medverknad, offentlegheit og samråd tilseier difor at eit tiltak av denne stoeiken bør skje i plansamanheng.

Rådmannen kan ikkje sjå at den grunngevinga som er gitt for å gje dispensasjon, kan få avgjerande vekt i forhold til dei omsyn som føresegna i kommuneplanen om plankrav skal ivareta. Kommunen mister kontroll over styringa med arealbruken i området ved å gje enkeltvise dispensasjonar som vil undergrave kommuneplanen som styringsdokument. Det vil også vere uheldig at kommunen godkjenner slik utbygging gjennom enkeltsaker. Administrasjonen syner til at plan- og bygningslova legg til grunn at styringa primært skal skje i form av planar og ikkje ved enkeltstående dispensasjonar.

Administrasjonen meiner derfor at omsyna bak føremålet blir vesentleg tilsidesett i dette tilfellet, og at fordelane ved å gje dispensasjon ikkje er klart større enn ulempene.

Dispensasjon frå dispensasjon frå byggegrense mot sjø fastsett i kommuneplanen sin arealdel

Omsynet bak byggjeforbodet er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftinteresser, landskapsomsyn og verneinteresser. Desse omsyna vil, i varierende grad, og gjere seg gjeldande på ein bygd eigeom. Til dømes vil landskapsomsyn, her landskapsestetikk, tilseie at fysiske inngrep og/eller anlegg i strandlina lyt avgrensast.

I dispensasjonssøknaden vert det synt til at det er vanskeleg og til dels farleg å bevege seg i området rundt nausta. Ei bryggje vil difor gjere det enklare å ta båten inn i naustet og gjere allmenn ferdsel trygt. Ved vurderinga av det andre dispensasjonsvilkåret om at fordelane ved å gi dispensasjon etter ei samla vurdering må vere klart større enn ulempene, er det i første rekkje planfaglege omsyn som har relevans og vekt. Tiltakshavar sine personlege behov kan også ha vekt målt opp mot lokale omsyn som måtte føreliggje, dersom samfunnsmessige omsyn av nasjonal/regional karakter ikkje gjer seg gjeldande i særlig grad.

Administrasjonen har forståing for søkjarane sine sitt ønskje om å få tilgang til sjø frå eigedommen. Det er likevel slik at strandsona er underlagt eit særskilt vern. Etter administrasjonen sin oppfatning vil bryggja liggje eksponert til i forhold til sjø og vil medføre ei nedbygging av strandsona. Omsøkte gangbru med landgang framstår som eit framandelement i strandsona, og vil forringe denne. Det vert i den samanheng også opplyst om at det er undersøkt om det frå tidlegare av er søkt om eksisterande bryggje på naboeigeom. Vi har ikkje funne opplysningar som tilseier at det er søkt om dette. I denne saka meiner administrasjonen omsyna knytt til byggjeforbodet i strandsona som er fastsett i kommuneplanen vert skadelidande dersom det vert gitt dispensasjon, og det kan difor i mindre grad leggast vekt på personlege omsyn.

Det vert også synt til at sakshandsamingsreglane for vedtaking av ein kommuneplan skal sikre demokratiske omsyn som medverknad, offentlegheit og samråd med dei som planen får følgjer for. Gjennom grundige planprosessar sikrar ein også at offentlege så vel som private standpunkt kjem fram, slik at planar for arealdisponeringa vert fastlagt på eit best mogleg grunnlag. Det må difor takast omsyn til planen sin funksjon som styringsdokument, når det vert vurdert om det skal gis dispensasjon.

Administrasjonen kan ikkje sjå at dei omsyna som det vert vist til for å gje dispensasjon, kan få avgjerande vekt i forhold til dei omsyna som kommuneplanen skal ivareta. Kommunen meiner at ei endring som omsøkt bør skje gjennom ein planprosess der arealdisponeringa for eit større område vert vurdert. Administrasjonen syner i den samanheng til at plan- og

bygningslova legg til grunn at styringa primært skal skje i form av planar og ikkje i enkeltstående dispensasjonssaker.

I den samanheng vert det også synt til den interne uttalen frå planavdelinga der det kjem fram at det i vår vart det opna for reguleringsarbeid i Nappevika like nordvest for området det er søkt om, og at det er sendt ut kunngjort oppstart av planarbeidet. Administrasjonen er difor einig i at det ikkje bør opnast opp for dispensasjon for einskildsøknader i dette området.

Det vert også vist til at dispensasjonar ikkje bør gjevast dersom dei oppgitte grunnane for å gje dispensasjon er generelle innanfor eit område. Rådmannen er av den oppfatning at argumenta som det vert vist til for å gje dispensasjon, også kan hevdast av fleire som ønskjer å oppføre tilsvarende bryggjer. Ein dispensasjon for tiltaket vil difor etter administrasjonen si oppfatning kunne skape presedensverknadar for seinare tilsvarende søknadar.

Etter ei samla og konkret vurdering finn rådmannen at vilkåra for å gje dispensasjon frå byggegrense mot sjø og plankravet fastsett i kommuneplanen sin arealdel ikkje er oppfylt. Søknaden om dispensasjon vert difor avslått.

Det vert lagt til at dersom Plan- og miljøutvalet er positiv til dispensasjon, bør det gjevast på vilkår om at det vert tinglyst rettighet for ferdselsrett for allmenta på bryggja.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Rådmannen har vurdert tiltaket det er søkt om og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Rådmannen finn ikkje at tiltaket vil komme i konflikt med naturmangfaldslova.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

| Kode | Skildring | Tal | Sum |
|--------|--|-----|----------|
| 9.1.4 | Dispensasjon frå plankrav i plan | 1 | 8.400,- |
| 9.1.5 | Dispensasjon frå byggegrense mot sjø fastsett i plan | 1 | 8.400,- |
| 9.1.3 | Dispensasjon frå arealføremål i plan | 1 | 8.400,- |
| 10.2.6 | Basisgebyr andre bygningar, konstruksjonar og anlegg | 1 | 3.400,- |
| | Totalt gebyr å betala | | 28.600,- |

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er

rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.